Gloppen kommune
Ordførar

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Fylkesdirektør Dina Lefdal

Vår ref. (oppgje ved svar)	Dykkar ref.	Dato
18/14623		06.11.2018

Førespurnad om omprioritering av vegmidlar – skredsikring av fv 691 Åstranda i Hyen

Gloppen kommune, Flora kommune, lokalpolitikarar, næringsliv og lokale interessegrupper i Hyen har arbeidd i lengre tid for å få utbetra strekninga Hyen – Storebru på fv. 615. Tilstanden på vegen er velkjend og flaskehalsane på vegen er særs krevajnde. Denne strekninga har også Gloppen kommune vore spesielt opptekne av no siste året.
Med dei endringane vi ser i klimaet, med meir nedbør og hyppigare frekvens på store nedbørsmengder er rasfaren i Hopsstranda vesentleg auka, noko hausten 2018 har synt oss. Strekninga langs Hopsstranda fått mykje merksemd, med nedfall av stein og vegstenging. I samband med hendingane i haust er vi nøgde for rask respons frå Vegvesenet og at det vart gjort ny geologvurdering av fjellpartiet som også førte til at vegen i ein periode var stengt grunna stor rasfare.

Gledeleg er det også at strekninga Hyen-Storebru ligg inne på prioriteringslistene for rassikring og utbetring, det syner at fylkeskommunen og fylkespolitikarane ser utfordringane ved vegen og at dette må gjerast noko med. Vi syner elles til dokumentasjon og vurderingar som er gjort av denne strekninga tidlegare i tillegg til dei vurderingar som er gjort på bakgrunn av hendingane i haust.

Til årets budsjett er det sett av kr 30 millionar til skredsikring av fv 691 Åstranda. Dette var uventa for Gloppen kommune og for innbyggarane i Hyen. Ikkje fordi det er eit ukjend skredområde og difor naudsynte midlar, men fordi ein alle har hatt ei forventning til at fv 615 og Hopsstranda var den strekninga, i Hyen, med høgast prioritet og med størst risiko.

Etter den runda ein hadde i haust, med ras og vegstenging er ein no lokalt veldig bekymra for å køyre denne rasutesette strekninga. Foreldra hadde også på eige initiativ, fram til haustferien, organisert båtskyss forbi Hopsstranda, rett og slett av frykt for å sende ungane i buss langs vegen.
Gloppen og Hyen, treng fv 615 som ein trygg sambindingsveg mot Flora. Brødrene Aa har etablert seg i Eikefjord. Dagleg har dei arbeidarar køyrande fv 615, begge vegar, til og frå arbeid. Mange i Hyen har sitt daglege virke i Førde, Flora og Naustdal, godstransport til og frå Brødrene Aa er betydeleg og aukande. Landbruksnæringa i Hyen og Gloppen er sterk, Felleskjøpet og TINE har daglege godsruter gåande på denne vegen, Firda Bilag har daglege bussrute Sandane – Florø, NORTURA har i periodar stor trafikk på denne strekninga og i tillegg kjem tømmertransport, ordinær godstrafikk og passasjertrafikk. Det er uhaldbart å ha ein situasjon med farleg og usikker veg som får så store ringverknader for næringsliv, men ikkje minst for innbyggarane si sikkerheit og tryggleikskjensle.

Adresse	Telefon	Org.nr	E-post	Internett
Grandavegen 9, 6823 Sandane	57 88 38 00	964 969 124	post@gloppen.kommune.no	www.gloppen.kommune.no

Gloppen kommune vil difor be om at samferdselutvalet flyttar midlane, kr 30 millionar som er tenkt til skredsikring på fv 691 Åstranda over til fv 615 og rassikring i Hopsstranda, samt vedtekne midlar, kr 10 millionar til utbetringstiltak på fv 615, i planperioden. Dette må gjerast under føresetnad av at ein med dette vil kunne kome til ei permanent rassikker løysing i Hopsstranda. Dette er ei løysing som kan medverke til å få på plass raskare sikring av strekninga og vi vurderer dette til å vere ei naudsynt prioritering til beste for innbyggarar og næringsliv i Hyen.

Gloppen kommune er trygg på at samferdsleutvalet, som vi ser av vedteken RTP, er klare over den krevjande situasjonen, ser utfordringane næringslivet og innbyggjarane har, og på bakgrunn av dette kan gjera sine vurderingar og nødvendig vedtak.

Vi ber om at kommunen får melding om at søknaden er motteken og ser i møte utvalet si behandling av denne. Vi ber også om at de tek kontakt med kommunen om de har behov for ytterligare informasjon.

Vennleg helsing

Leidulf Gloppestad
ordførar
Tlf. 977 86 989

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.